



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

## Årsrapport 2013

– plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Notat 10.01.2014

Sveinung Dimmen  
Samordnar stab  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## **Rapport 2013 - plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

### **Innhold**

- **Generelt om plansaker etter plan- og bygningslova**
- **Om planoppgåver i Embetsoppdraget 2013**
- **Planstatistikk 2013 – oversikt alle plan- og disp.saker**
- **Typar plansaker; kommunevis**
- **Samarbeid om plansaker; planforum som arena**
- **Kommunal og regional planstrategi**
- **Motsegner**
- **Mekling**
- **Dispensasjonar og klager**
- **Oppsummering**

# Rapport - plansaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2013

## Generelt om plansaker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivarettatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har og rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn.

Overordna ansvar for plansaker er plassert hos embetsleiinga. Hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal har faste hovudsaksbehandlarar ansvar for samordnings- og fagfunksjonar knytt til plansaker på høyring frå kommunane. Aktuelle innspel og merknader frå fagavdelingane hos Fylkesmannen blir spelt inn. Dette dekker eit breitt spekter av tema knytt til Miljøvern, Samfunnstryggleik, Landbruk, Folkehelse, Barn og unge og Universell utforming. For ei kommunevis fordeling av plansaker mellom hovudsaksbehandlarane; sjå <http://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Plan%20og%20bygg/Arealforvaltning/Planfordeling%20arealseksjonen.pdf?epslanguage=nn>

For meir informasjon om plansaker og plansaksbehandling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR); sjå hovudmenypunkt *Plan og bygg* under punktet *Arealforvaltning* på <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/>

## Om planoppgåver i Embetsoppdraget 2013

Embetsoppdraget er ei oversikt over Fylkesmannens totale oppgåveportefølje fordelt på dei ulike departementa. Embetsoppdraget gir ei utdyping og konkretisering av alle oppgåvene som skal løysast, strukturert etter resultatområde. Embetsoppdraget vil i stor grad ligge fast fra år til år.

Rammer og retningslinjer for Fylkesmannens roller og oppgåver på plan- og miljøområdet er i hovudsak trekt opp av Miljøverndepartementet. Frå 01.01.2014 vil alle plansaker etter plan- og bygningslova bli overført frå Miljøverndepartementet til det nye Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkesmannen har ei viktig rolle for å medverke til ei berekraftig utvikling gjennom si oppgåve med å samordne ei rekke samfunnssektorar på regionalt nivå. Fylkesmannen har eit overordna miljøansvar, samtidig med eit eige resultatansvar på miljøvern-, forurensings-, naturforvaltnings- og planområdet.

For planområdet er sentrale politiske føringar og prioriterte oppgåver for Fylkesmannen i 2013 omtalt i Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FMD) sitt tildelingsbrev til Fylkesmannen. Embetsoppdraget fra Miljøverndepartementet (MD) omtalar oppgåveporteføljen Fylkesmannen har på planområdet uavhengig av korleis embeta har organisert arbeidet. Embetsoppdraget på planområdet må derfor sjåast i samanheng med tildelingsbrevet frå FAD eller andre departement sine embetsoppdrag.

Prioriterte oppgåver innan miljø- og planområdet blir også formidla og utdjupa frå Miljødirektoratet (tidlegare Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) og Miljøverndepartementet (MD) til Fylkesmannen i brev, møte og konferansar.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar. Fylkesmannens oppgåver ved regional- og kommunal planlegging er sentrale verkemiddel for å gjennomføre regjeringa sin miljøpolitikk på ei rekke område.

Fylkesmannen sine prioriteringar innanfor planområdet har i tråd med dette vore retta mot følgjande plan- og miljøoppgåver i 2013:

- formidle tidleg og aktivt dei nasjonale forventningane og nasjonal politikk i den regionale og kommunale planlegginga
- legge auka vekt på rettleiing i planarbeidet
- medverke til at regionale og kommunale planar bygg opp under eit berekraftig utbyggingsmønster med vekt på samordna areal- og transportplanlegging og omsyn til klima, herunder også tilstrekkeleg bustadbygging
- koordinere regionale statsetatar sin medvirknad i arbeidet med oppfølging av kommunale og regionale planstrategiar og i den regionale og kommunale planlegginga
- medverke i arbeidet med utviklingsprogrammet *Framtidens byer*
- delta tidleg i utarbeiding av nye regionale planar og handheve kjøpesenterbestemmelsen aktivt
- aktivt følge opp dei statlege planretningslinjene for strandsona
- aktivt følge opp regional planlegging i fjell- og kystområda

Det blir vidare peika på at det i samband med vidareføring av forvaltningsreforma er viktig at Fylkesmannen medverkar til eit godt samarbeid med fylkeskommunane på miljøområdet. Nettstaden [miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) er ein viktig referanse for Fylkesmannen sin dialog med fylkeskommunen og kommunane i plan- og miljø saker; sjå <http://www.miljokommune.no/> Nettsidene er under oppbygging, og vil etter planen bli bygd ut med innhald vidare i 2014.

### **Planstatistikk 2013**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2013 behandla til saman **1100** plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (pbl). Tilsvarende tal for 2012 var 1189, medan det for 2011 vart registrert 1032 saker. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til kommunal- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Statistikken for 2013 viser at aktiviteten på plansida er stor. Samla tal på plansaker for inneverande år (567 ekspedisjonar) ligg litt lågare enn i 2012, men høgere enn tilsvarende registrering frå 2011 og 2010. Plansakene fordeler seg mellom reguleringsplanar og kommune(del)-planar. Av desse utgjør reguleringsplansakene hovudtyngda.

Talet på dispensasjonssaker etter pbl (533 saker) er godt under tala frå 2012 og frå «toppåret» 2010. Det kan søkast om dispensasjon frå kommuneplan eller frå reguleringsplan. Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil vere mangel på oppdaterete planar – i første rekke på oversikts-/kommuneplannivå. Dei fleste sakene er

knytt til dispensasjon frå kommuneplanen (459 av 533)). Mange kommunar slit elles både med kapasitet og kompetanse på planområdet.

Av fylket sine 36 kommunar har 35 av kommunane i løpet av perioden 2011 - 2013 utarbeidd kommunal planstrategi. Utarbeiding av kommunale planstrategiar representerer ei ny oppgåve for kommunane. For kommunane har arbeidet med dei kommunale planstrategiane vore eit nyttig verktøy for å skaffe ein samla oversikt over plansituasjonen og planbehovet i den enkelte kommunen. Av dette framgår m.a. at dei fleste av kommunane i fylket har starta arbeidet med rullering av sine overordna kommuneplanar (samfunns- og arealdel), eller har varsla oppstart om dette i løpet av 2014.

I tillegg til viktige kontrolloppgåver har Fylkesmannen saman med fylkeskommunen ei sentral rolle i forhold til oppfølging og rettleiing av kommunane i plansaker. Nye planformer og aktivitetar knytt m.a. til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, arbeid med kommunal planstrategi, og større vekt på kommuneplanens samfunnsdel som overordna utviklingsverktøy for kommunane kan nemnast her. Departementet har utarbeidd omfattande informasjon og rettleiing knytt til regional og kommunal planlegging etter pbl. Løpande oppdateringar er tilgjengeleg på

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/tema/Planlegging\\_Plan-og\\_bygningsloven.html?id=1317](http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/tema/Planlegging_Plan-og_bygningsloven.html?id=1317)

Tabellen under viser samla oversikt for behandling av plan- og dispensasjonssaker etter pbl hos FMMR i 2013. Tilsvarende registreringar for 2010 - 2012 er også tatt med:

#### Plansaker og dispensasjonssaker etter pbl; samla oversikt 2013

	2010	2011	2012	2013
Reguleringsplan	459	480	496	471
Kommune(del)plan	36	37	48	86
Kommunal planstrategi	x	x	31	5
Regionale planar	-	-	6	5
Plansaker samla	*495	*517	*584	*567
Dispensasjonssaker samla	628	520	605	533
<b>Sum planar og disp.</b>	<b>1123</b>	<b>1032</b>	<b>1189</b>	<b>1100</b>
Motsegner (tal planar)	39	62	63	64
Meklingsmøte	4	7	6	8
Planar sendt departementet	2	0	3	1
Klager - dispensasjonsøknader	18	18	21	3

**Tabell: Behandla plansaker/ekspedisjonar hos FMMR 2010 - 2013.**

Forklaring

- manglar data/registrering

X ikkje aktuelt/relevant

\* gjeld ekspedisjonar

**Merk:** Statistikken for plansakene omfattar tal på ekspedisjonar/høyringsbrev. Fylkesmannen gir høyringsuttale til kommunale planar både i forkant og undervegs i planprosessen. I forhold til årsstatistikken vil nokre planar/plansaker såleis kunne bli registrert meir enn ein gang. Når det gjeld planstrategiar, dispensasjonar og motsegner er det derimot tal på planar som er registrert.

## Kvartalsvis oversikt

På tilsvarende vis som tabellen for samla årsoversikta er det utarbeidd kvartalsvis oversiktstabellar (sjå under). Av dette ser vi at plansakene fordeler seg relativt jamnt over året. Dette gjeld også i hovudtrekk i forhold til dei to føregående åra. Den kvartalsvis oversikta knytt til dispensasjonssaker er ikkje tilgjengeleg for 2010 og 2011.

### Oversikt plan- og dispensasjonssaker 1. kvartal 2013 (01.01. – 31.03.)

	2010	2011	2012	"2013 pr 31.03.13	1.kvartal 2010	1.kvartal 2011	1.kvartal 2012	1.kvartal 2013
Reguleringsplan	459	480	*496	"121	118	120	143	121
Kommune(del)plan	36	37	*48	"18	9	10	8	18
Kommunal planstrategi	x	x	31	"1	x	x	2	1
Regionale planar	-	-	*6	"1	-	-	1	1
Plansaker samla	495	517	*584	"141		130	154	141
Dispensasjonar	628	520	605	"128	-	-	142	128
<b>Sum planar og disp.</b>	<b>1123</b>	<b>1032</b>	<b>1189</b>	<b>"269</b>	-	-	298	269
Motsegner (tal planar)	39	62	63	"14	14	21	25	14
Meklingsmøte	4	7	6	"4	-	1	3	4
Planar sendt departementet	2	0	3	"0	-	-	0	0
Klager - dispensasjonssøknader	18	18	21	"1	3	5	3	1

### Oversikt plan- og dispensasjonssaker 2. kvartal 2013 (01.04. – 30.06.)

	2010	2011	2012	"2013 pr. 30.06.13	2.kvartal 2010	2.kvartal 2011	2.kvartal 2012	2.kvartal 2013
Reguleringsplan	459	480	*496	"260	115	130	112	139
Kommune(del)plan	36	37	*48	"41	9	10	20	21
Kommunal planstrategi	x	x	31	"3	x	x	8	2
Regionale planar	-	-	*6	"2	-	-	1	1
Plansaker samla	495	517	*584	"296		130	141	155
Dispensasjonar	628	520	605	"276	-	-	191	148
<b>Sum planar og disp.</b>	<b>1123</b>	<b>1032</b>	<b>1189</b>	<b>"572</b>	-	-	332	303
Motsegner (tal planar)	39	62	63	"31	14	21	14	19
Meklingsmøte	4	7	6	"4	-	1	2	0
Planar sendt departementet	2	0	3	"1	-	-	0	1
Klager - dispensasjonssøknader	18	18	21	"1	3	5	4	1

### Oversikt plan- og dispensasjonssaker 3. kvartal 2013 (01.07. – 30.09.)

	2010	2011	2012	'2013 pr 30.09.13	3.kvartal 2010	3.kvartal 2011	3.kvartal 2012	3.kvartal 2013
Reguleringsplan	459	480	*496	'366	88	123	111	106
Kommune(del)plan	36	37	*48	'64	10	9	7	23
Kommunal planstrategi	x	x	31	'4	x	x	9	1
Regionale planar	-	-	*6	'3	-	-	0	1
Plansaker samla	495	517	*584	'437		130	141	120
Dispensasjonar	628	520	605	'417	-	-	130	141
<b>Sum planar og disp.</b>	<b>1123</b>	<b>1032</b>	<b>1189</b>	<b>'854</b>	-	-	<b>257</b>	<b>261</b>
Motsegner (tal planar)	39	62	63	'51	8	16	11	20
Meklingsmøte	4	7	6	'4	-	1	1	0
Planar sendt departementet	2	0	3	'1	-	-	1	0
Klager - dispensasjonssøknader	18	18	21	'1	3	5	4	0

### Oversikt plan- og dispensasjonssaker 4. kvartal 2013 (01.10. – 10.12#.)

	2010	2011	2012	'2013	4.kvartal 2010	4.kvartal 2011	4.kvartal 2012	4.kvartal 2013
Reguleringsplan	459	480	*496	471	88	123	131	105
Kommune(del)plan	36	37	*48	86	10	9	9	17
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	x	x	14	1
Regionale planar	-	-	*6	5	-	-	2	2
Plansaker samla	495	517	*584	567	-	-	156	125
Dispensasjonar	628	520	605	533	-	-	150	116
<b>Sum planar og disp.</b>	<b>1123</b>	<b>1032</b>	<b>1189</b>	<b>1100</b>	-	-	<b>306</b>	<b>241</b>
Motsegner (tal planar)	39	62	63	62	8	16	13	9
Meklingsmøte	4	7	6	8	-	-	0	4
Planar sendt departementet	2	0	3	1	-	-	2	0
Klager - dispensasjonssøknader	18	18	21	3	2	3	4	1



## **Tabell: Behandla plansaker/ekspedisjonar FMMR 2010 - 2013**

Forklaring

- manglar data/registrering

X ikkje aktuelt/relevant

\* gjeld ekspedisjonar

### **Typar plansaker; kommunevis**

Talet på plansaker til behandling hos FMMR knytt til kommune(del)- og reguleringsplanar varierer kommunane i mellom; sjå tabellar under. Den kommunale planaktiviteten går gjerne i «bølger» knytt til rullering av eldre planar og/eller oppstart av nye. Store kommunar har elles naturleg nok gjennomgåande større aktivitet på plansakområdet enn dei små kommunane. Men vi ser også at forhold knytt til demografi, næringsutvikling, kommunikasjonsutbygging m.m. vil gi grunnlag for vekst og endring som igjen stiller krav til planlegging som styringsverktøy. Utfordringar knytt til den kommunale planlegginga avspeglar slik sett at kommunane i fylket er svært ulike i forhold til folketal, næringsstruktur, sentralitet m.v. Mål, strategiar og tiltak vil såleis måtte tilpassast situasjon og behov i den enkelte kommune.

Det er elles viktig å understreke at plansakene varierer mykje både i form, omfang og kompleksitet. Plansakene i tabellen omfattar høyringar og offentleg ettersyn knytt til planprogram, utgreiingar og planløyisingar, planforslag og planbehandling. I tillegg til dette kjem også meir uformell kontakt pr. telefon, i samband med dialog-/drøftingsmøte, eller i samband med synfaringar. Slike drøfingar inkluderer gjerne både politisk og administrativ leiing i kommunen, ofte også med deltaking frå andre involverte aktørar. Dette vil m.a. kunne gjelde representantar for tiltakshavar, grunneigar, næringsliv, konsulentfirma eller andre offentlege instansar (nabokommunar, fylkeskommunen, statens vegvesen, kystverket m.v.)

Saker knytt til kommuneplanens samfunns- og arealdel omfattar oftast lange og omfattande planprosessar fram mot endeleg politisk vedtak. Faglege og samfunnsmessige verdiar og interesser kan stå i skarp kontrast, og spørsmål om lokalisering og prioriteringar vil i tillegg kunne få ein «geografisk» dimensjon ved at ulike område i kommunen (bygdelag/bydeler) blir sett opp mot kvarandre. Mange av kommunane i fylket har i samband med planstrategiarbeidet varsla oppstart av rullering av kommuneplanen i inneverande kommunestyre-periode (2011 – 2015).

Hovudtyngda av plansakene er knytt til reguleringsplanar. Desse er av to typar; *områderegulering* og *detaljregulering*. Medan kommunane sjølve oftast tar ansvar for områdereguleringa, blir det meste av detaljreguleringa initiert av private aktørar og gjennomført i tett samarbeid med private konsulentfirma. Mange av desse planane har ei klart avgrensa lokalisering og er gjerne knytt til nærare bestemte formål. Kvaliteten på dei private reguleringsplanutkasta sendt på høyring viser stor kvalitetsmessig variasjon. Fleire av motsegnene som blir reist til desse er såleis gjerne grunna i faglege/formelle feil og manglar. Detaljregulering av små areal har i mange tilfelle erstatta bruk av dispensasjon. Dette ser vi på som positivt. Private detaljreguleringar vil elles måtte utviklast i tett dialog med kommunen som ansvarleg planmyndighet og innanfor dei rammene som overordna planar og planretningslinjer legg opp til.

Manglande oppdatering/rullering av overordna kommuneplan skaper ofte utfordringar for ei meir heilskapleg og langsiktig arealforvaltning. Kommuneplanens samfunnsdel vil her kunne gi nærare greie for lokale, regionale og nasjonale føringar og premissar. Samfunnsdelen omfattar vidare ei klargjering av problem og utfordringar og gir mål og prioriteringar på viktige samfunnsområde. Kommuneplanens arealdel skal ta opp i seg og vere eit viktig hjelpemiddel for å gjennomføre dei arealmessige behova og prioriteringane frå samfunnsdelen. Kommuneplanens arealdel er ein oversiktsplan som omfattar heile kommunen. Ette behov kan det utarbeidast kommunedelplanar for avgrensa deler av kommunen. Kommuneplanens arealdel vil legge viktige rammer og føringar for vidare fysisk detaljplanlegging gjennom utarbeiding av område- eller detaljregulering.

Plan- og bygningslova bygg på prinsippet om lokal folkevalt styring. Kommunane som planmyndigheit vil såleis fritt kunne organisere og tilpasse planarbeidet ut frå egne behov og føresetnader og fatte endeleg vedtak i kommunale plansaker så lenge det skjer innanfor dei rammer og retningslinjer som er gitt frå nasjonalt og regionalt nivå. For kommunane vil kommunal planlegging gjennom eit samla og samordna plansystem kunne utviklast til eit viktig utviklings- og styringsverktøy. Gjennom arbeidet med kommunal planstrategi vil kommunen legge grunnlaget for å revidere, systematisere og prioritere den kommunale planlegginga. Gjennom dette arbeidet vil komande planarbeid kunne sikrast relevans og politisk forankring.

Kommunestatistikk plansaker

Kommune(del)-plan; kommuneoversikt 2013

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2013 01.01 – 31.12
Aukra	1	1	0	1	3
Aure	0	0	2	0	2
Averøy	0	0	1	0	1
Eide	0	0	0	0	0
Fræna	0	0	1	0	1
Giske	0	0	1	0	1
Gjemnes	3	0	0	0	3
Halsa	1	0	0	0	1
Haram	0	0	0	0	0
Hareid	0	1	0	0	1
Herøy	0	1	2	3	6
Kristiansund	2	0	0	0	2
Midsund	0	2	2	1	5
Molde	3	4	3	3	13
Nesset	0	0	1	1	2
Norddal	0	0	1	0	1
Rauma	1	3	1	1	6
Rindal	0	3	2	2	7
Sande	0	2	0	0	2
Sandøy	0	0	0	1	1
Skodje	0	2	1	1	4
Smøla	0	0	1	0	1
Stordal	1	0	0	1	2
Stranda	0	0	1	0	1
Sula	0	2	0	0	2
Sunndal	0	1	0	0	1
Surnadal	0	1	0	0	1
Sykkylven	0	0	0	1	1
Tingvoll	1	0	0	0	1
Ulstein	1	0	0	1	2
Vanylven	0	2	1	0	3
Vestnes	1	0	0	0	1
Volda	0	1	0	0	1
Ørskog	1	0	0	0	1
Ørsta	2	2	0	0	4
Ålesund	0	0	2	0	2
<b>T.s. alle kom.</b>	<b>18</b>	<b>*28</b>	<b>*23</b>	<b>17*</b>	<b>86</b>

\*Nokre av planane er «fellesplanar» (interkommunale) planar mellom to eller fleire kommunar

**Tabell: Kommunale plansaker FMMR 2013: Kommune(del)-planar**

Kommunestatistikk plansaker

Reguleringsplan; kommuneoversikt 2013

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2013 01.01 – 31.12
Aukra	1	7	7	2	17
Aure	8	4	4	6	22
Averøy	2	1	1	0	4
Eide	2	3	3	4	12
Fræna	5	6	4	2	17
Giske	13	4	7	8	32
Gjemnes	2	1	3	0	6
Halsa	0	2	0	1	3
Haram	8	5	8	4	25
Hareid	1	4	3	3	11
Herøy	4	4	5	7	20
Kristiansund	1	0	1	2	4
Midsund	1	0	1	0	2
Molde	9	12	8	10	39
Nesset	1	1	2	2	6
Norddal	0	2	2	3	7
Rauma	3	1	3	2	9
Rindal	3	1	0	4	8
Sande	2	0	0	0	2
Sandøy	0	2	1	3	6
Skodje	2	2	0	3	7
Smøla	1	0	0	1	2
Stordal	0	1	0	0	1
Stranda	4	4	2	2	12
Sula	5	1	3	4	13
Sunndal	3	2	0	2	7
Surnadal	7	1	6	3	17
Sykkylven	2	0	2	1	5
Tingvoll	5	1	3	3	12
Ulstein	2	3	3	1	9
Vanylven	0	0	0	1	1
Vestnes	0	2	2	3	7
Volda	6	1	1	4	12
Ørskog	3	2	4	0	9
Ørsta	1	2	2	3	8
Ålesund	6	8	11	11	36
T.s. alle kom.	121	139	106	105	471

Tabell: Kommunale plansaker FMMR 2013: Reguleringsplanar

## **Samarbeid om plansaker; planforum og plannettverk som arena**

Fylkesmannen har eit tett samarbeid med fylkeskommunen i plansaker. Dette omfattar både samarbeid i enkeltsaker, så vel som kontakt og rettleiing gjennom dei regionale plannettverka og i regionalt planforum.

### *Regionalt planforum*

Regionalt planforum er forankra i pbl § 5-3 Planforum skal drøfte konkrete plansaker og medverke til gjensidig informasjon og avklaring av konkrete spørsmål og sektorinteresser. Det skal også sikre samordning av ulike interesser og syn, raskare avklaring og ein meir samstemt praksis i plansaker. Regionalt planforum skal styrke planlegginga generelt og førebyggje konflikhtar.

Kommunane vil sjølve kunne melde inn saker til regionalt planforum. Alle kommuneplanar som skal rullerast bør leggjast fram i regionalt planforum. Også kommunale planstrategiar, interkommunale planar, enkelte kommunedelplanar og større reguleringsplanar vil vere aktuelle å ta opp. Det same gjeld planstrategiar, planar og planbestemmelsar på regionalt nivå, samt saker av overordna prinsipiell karakter. Det er i utgangspunktet lagt opp til faste månadlege møte i planforum. Fylkeskommunen v/ Plan- og analyseavdelinga er sekretariat og ansvarleg for innkalling, drift, møteleiing og referat.

I løpet av 2013 har det vore gjennomført 5 ordinære samlingar i Regionalt planforum.

Fylkesmannen har vore representert på alle. Aktuelle tema/saker har fordelt seg slik:

- Kommunane Vanylven og Sande: Planprogram for kommunedelplan Rovdefjordbrua
- Kommunane Molde, Midsund, Vestnes, Rauma og Nesset: Interkommunal delplan for Romsdalsfjorden
- Tingvoll kommune: Kommuneplanens samfunns- og arealdel
- Averøy kommune: Kommuneplanens samfunns- og arealdel
- Ørsta kommune: Kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda

### *Regionale plannettverk*

Fylkeskommunen v/plan- og analyseavdelinga har også hovudansvar for å arrangere faste plannettverkssamlingar med kommunane i fylket. Fylkesmannen deltar på samlingane og samarbeider med fylkeskommunen om det faglege innhaldet. For tida er det tre regionale plannettverk i fylket: Nordmørsnettverket, Romsdalsnettverket og Sunnmørsnettverket. Dette er uformelle nettverk for planleggarar (politikarar) og andre som er involvert i plan i regionen. Dei tre nettverka har kvar 2-3 årlege samlingar, der vertskapsrolla vekslar mellom kommunane.

## **Nasjonale forventningar som grunnlag for kommunal og regional planstrategi**

Regional og kommunal planstrategi er innført som nye verktøy i plan- og bygningslova (pbl 2008). I samsvar med pbl § 10-1 skal kommunane pålagt å utarbeide ein kommunal planstrategi i kvar kommunestyreperiode, og seinest eitt år etter konstituering av nytt kommunestyret. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Fylkestinget skal i løpet av den same perioden vedta ein regional planstrategi som skal avklare dei regionale planbehova. Fylkeskommunen bør i samarbeid med kommunane her legge opp til eit opplegg som sikrar samordning. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil også kunne rette søkelys mot ei nærare drøfting og avklaring av behovet for interkommunalt samarbeid.

### *Nasjonale forventningar*

Viktige føringar for arbeidet med regional og kommunal planstrategi er forankra i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedtatt av regjeringa 24.06.2011 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2011/nasjonale-forventninger-til-regional-og-.html?id=649923> Forventningsdokumentet omfattar seks hovudtema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskapning og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Dei nasjonale forventningane legg klare føringar både for planstrategiarbeidet og i forhold til vidare oppfølging gjennom prioriterte område for regional og kommunal planlegging. Forventningsdokumentet peikar på oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane og kommunane fokuserer på i den komande fireårs-perioden for å medverke til gjennomføringa av nasjonal politikk.

### *Regional planstrategi*

Regional planstrategi 2012 – 2016 for Møre og Romsdal (vedtatt i fylkestinget 17.04.2012) gjer greie for viktige utviklingstrekk og hovudutfordringar i fylket, og inneheld elles eit oversyn over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp gjennom revidering av eksisterande planar og gjennom igangsetting og vidareføring av nye planar.

Regional planstrategi kan omhandle tema som bør følgjast opp i interkommunale planer eller seinare i kommunale planar. Slike planbehov bør også omtalast i kommunal planstrategi. Motsett kan det også vere slik at det i arbeidet med dei kommunale planstrategiane kan diskuterast utfordringar som bør løftast opp og behandlast i den regionale planstrategien.

Planstrategien for Møre og Romsdal peikar på at det vil vere viktig å styrke fylket sin samla attraktivitet og medverke til vekst og utvikling, livskvalitet og folkehelse. Dette er nærare utdjupa og eksemplifisert med utgangspunkt i tre hovudtema/-perspektiv:

*Folk, Næring og Trivsel.* Det blir vidare vist til at *folkehelse, universell utforming, likestilling, miljø/klima* og *internasjonalisering* skal vere sentrale, gjennomgåande perspektiv både i det vidare arbeidet med ein ny regional plan (Fylkesplan 2013 – 2016), og i samband med reviderte og nye regionale delplanar. Dette vil kunne vere eit viktig grep for å styrke den tverrfaglege tilnærminga på tvers av ulike satsingsområde.

Tett samarbeid og samhandling med kommunar, regionale statlege organ, institusjonar og organisasjonar vil her vere ein viktig føresetnad for å sjå utviklingstrekk og utfordringar i fylket på tvers av kommunegrensar, forvaltningsnivå og sektorar. I det vidare arbeidet med regional plan og regionale delplanar er det viktig å bygge vidare på dette samarbeidet. Eit viktig vilkår for at regional planlegging skal skape initiativ og utvikling vil vere at aktørar som har ansvaret for gjennomføringa, deltek i utviklinga av og har eigarskap til strategiane og handlingsplanane.

Fylkesmannen vil her kunne spele ei viktig rolle både som sektormyndigheit og som samordnar. På fleire av dei prioriterte innsatsområda som er omtalt i utkastet til regional planstrategi 2012 – 2016 for Møre og Romsdal vil Fylkesmannen ha eit viktig sektoransvar. Natur, miljøvern, friluftsliv, folkehelse, oppvekst og utdanning, landbruk og jordvern, er eksempel på aktuelle temaområde.

### *Kommunal planstrategi*

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis. Planstrategien vil elles vere eit nyttig verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til ulike typar kommunedelplanar (temaplanar, sektorplanar og områdeplanar).

Fylkesmannen har pr. 31.012.2013 behandla utkast til kommunal planstrategi frå 35 av fylket sine 36 kommunar. Dei kommunale planstrategiane viser stor variasjon både i form og innhald. Viktige rammer og føresetnader vil her m.a. ta utgangspunkt i utviklingstrekk og utfordringar knytt både til samfunns- og arealutvikling, og til kommunal tenesteyting.

Plansituasjonen og planbehovet vil variere kommunane i mellom, og arbeidet med planstrategien vil ha dette som eit viktig utgangspunkt. Av planstrategiutkasta som er sendt på høyring ser vi at status for mange kommunar er «utdaterte» kommuneplanar – dette omfattar både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Behovet for revisjon og rullering av dei overordna planane er såleis stort. Vi ser også at dette av kommunane sjølve er trekt fram som ei prioritert oppgåve i det vidare kommunale planarbeidet. I tråd med dette ser vi så godt som samtlege kommunar i fylket har varsla oppstart eller rullering av overordna kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) i løpet av kommunestyrevalperioden 2011 – 2015.

Eit viktig prinsipp i den nye plan- og bygningslova (pbl 2008) er ei sterkare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Samfunnsdelen vil med utgangspunkt i den kommunale planstrategien gi overordna mål og føringar for utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon. Dette dannar utgangspunkt for arealdelen som i neste omgang gir retning og rammer for den vidare fysiske detaljplanlegginga gjennom område- eller detaljregulering.

Kommuneplanen vil også etter behov gi grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde i kommunen. Kommuneplanarbeidet heng også tett saman med andre planprosessar, styringssystem og rapporteringsverktøy i kommunen. Utfordringa for mange kommunar er å utvikle kommuneplansystemet til eit integrert og heilskapleg styringverktøy for administrative og politiske vurderingar og prioriteringar. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil her kunne inngå som eit viktig grep.

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar ser vi også at kommunane i sterkare grad har retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til folkehelse og levekår. Med den nye Folkehelselova og med Samhandlingsreforma har kommunane m.a. fått eit større ansvar knytt til forebyggjande folkehelsearbeid. Folkehelse og levekår vil slik kunne løftast opp og inngå som eit gjennomgåande perspektiv i den kommunale planlegginga.

Kommunestatistikk plansaker

**Kommunal (og Regional) planstrategi 2012 – 2016 - kommuneoversikt**

Kommune	FMMR sak nr	Status gjeldande K-plan; vedtak		Rullering av K-plan; oppstart (event. under arbeid)	
		Samfunnsdel	Arealdel	Samfunnsdel	Arealdel
Aukra	12/7534	2011	2006	2015	2012
Aure	12/4933	2008	2008	0	2012
Averøy	12/6562	2009	2009	2013	2013
Eide	12/7511	2004	2005	2013	2014
Fræna	12/6441	2005	2003	2015	2012
Giske	12/7900	2009	2009	2013	2015
Gjemnes	13/0271	2003	2003	2015	2013
Halsa	12/5778	1998	1998	2012	2012
Haram	12/6726	2007	1999	2013	2013
Hareid	12/7497	2006	2012	2016	0
Herøy	12/6723	2001	2004	2012	2012
Kristiansund	12/4572	2007	2011	2012	2012
Midsund	13/2640	2011	1997	0	2014
Molde	12/4675	2002	2010	2012	0
Neset	12/7242	2012	2012	0	0
Norddal	12/3528	2007	2012	2014	2016
Rauma	11/7658	2006	1995	2012	2013
Rindal	13/1792	2011	2002	2014	2013
Sande	12/2200	2009	2002	0	2012
Sandøy		2011	?	?	2012
Skodje	12/2087	2007	2007	2012	2013
Smøla	12/5046	2007	2008	2012	2012
Stordal	12/3581	manglar	2003	?	?
Stranda	12/2999	manglar	1992	2014	2013
Sula	12/4692	2011	2006	0	2013
Sunndal	12/6496	2007	2007	2012	2012
*Surnadal	?	2009	2007	?	?
Sykkylven	12/6377	2011	1989	0	2012
Tingvoll	12/4664	2007	2007	2013	2013
Ulstein	13/7816	2009	2011	2015	2015
Vanylven	12/5268	2009	1993	?	2012
Vestnes	12/3127	2006	2006	2013	2013
Volda	10/5689	1997	1990	2013	2013
Ørskog	12/3761	2007	2006	2014	2012
Ørsta	11/3842	1999	1991	2012	2012
Ålesund	12/8207	2008	2008	2013	2014
MR fylkeskom	11/4815	Fylkesplan 2012		Fylkesplan 2016	

**Tabell: Kommunal planstrategi ; alle kommunar i Møre og Romsdal + Regional planstrategi MR fk pr. 31.12.2013**

Merk: 0; ingen rullering planlagt for inneverande k-styreperiode

?: opplysning manglar, eller event. tidspunkt for rullering blir vedtatt seinare

\*: Høyringsutkast til kps for Surnadal har vore sendt MR fylkeskommune, men ikkje FMMR.



## Motsegner

Statlege og regionale organ kan fremje motsegn (innsigelse) mot kommunale planar som er i strid med nasjonale interesser. Statlege og regionale organ skal medverke i planarbeidet slik at desse interessene vert innarbeidd i planane. Reglane om motsegn skal sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonal eller regional politikk. Fylkesmannen grip inn i kommunal arealforvaltning ved å varsle eller fremje motsegn, og ved å klage på vedtak i dispensasjonssaker. For meir om motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova kan det visast til eit eige rundskriv T-2/13 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/rundskriv/2013/t-2-13-innsigelse-pbl.html?id=733666>

### Motsegner fordelt på plantypar

FMMR har i 2013 fremma motsegn til 64 planar (53 reguleringsplanar og 10 kommune(del)planar). Talet på motsegner ligg på nivå med tala frå dei to foregåande åra (62 og 63 saker), men vesentleg høgare enn i 2010 (39 saker). I høve til det samla talet på plansaker er det likevel relativt få motsegner. Av i alt 471 reguleringsplansaker/-ekspedisjonar fordelt på kommune- og reguleringsplanar utgjer motsegnssakene 9.9%.

	<b>Kv. 1 01.01–31.03</b>	<b>Kv. 2 01.04–30.06</b>	<b>Kv. 3 01.07–30.09</b>	<b>Kv. 4 01.10–31.12</b>	<b>2013 01.01–31.12</b>
<b>Kommuneplan</b>	2	2	2	2	8
<b>Reguleringsplan</b>	12 (9.9%)	17 (12.2%)	18 (17,0%)	9 (8.6%)	56 (9.9%)
<b>Mots. t.s.</b>	<b>14</b>	<b>19</b>	<b>20</b>	<b>11</b>	<b>64</b>

### Motsegner fordelt på plantema 2013

Til same plan kan det vere fremma fleire motsegner ut frå ulike tema/fagområde. Dersom ein tar utgangspunkt i motsegnspunkt knytt til ulike plantema, vil såleis talet vere høgare (jf. tabellen under).

### Motsegner fordelt på plantema 1. kvartal 2013

<b>Tema for motsegn</b>	<b>Kommuneplan</b>	<b>Reguleringsplan</b>	<b>Kp + Rp</b>
Natur/miljø/landskap		3	3
Strandsone/friluftsliv	1	4	5
Landbruk/jordvern	1	1	2
Barn-unge		1	1
Beredskap/samfunnstryggleik/ROS-analyse		2	2
Støy/forureining		3	3
RPB/kjøpesenter		5	5
RPR/areal-transport		0	0
Planfagleg/anna		2	2
<b>Samla tal motsegner fordelt på tema</b>	<b>2</b>	<b>21</b>	<b>23</b>

*Motsegner fordelt på plantema 2. kvartal 2013*

<b>Tema for motsegn</b>	<b>Kommuneplan</b>	<b>Reguleringsplan</b>	<b>Kp + Rp</b>
Natur/miljø/landskap	1	5	6
Strandsone/friluftsliv	1	2	3
Landbruk/jordvern		2	2
Barn-unge		6	6
Beredskap/samfunnstryggleik/ROS-analyse		2	2
Støy/forureining		1	1
RPB/kjøpesenter		3	3
RPR/areal-transport			
Planfagleg/anna		1	1
<b>Samla tal motsegner fordelt på tema</b>	<b>2</b>	<b>22</b>	<b>24</b>

*Motsegner fordelt på plantema 3. kvartal 2013*

<b>Tema for motsegn</b>	<b>Kommuneplan</b>	<b>Reguleringsplan</b>	<b>Kp + Rp</b>
Natur/miljø/landskap	1	5	6
Strandsone/friluftsliv	1	2	3
Landbruk/jordvern	2		2
Barn-unge	1	8	9
Beredskap/samfunnstryggleik/ROS-analyse	1	6	7
Støy/forureining		2	2
RPB/kjøpesenter	1		1
RPR/areal-transport			
Planfagleg/anna		1	1
<b>Samla tal motsegner fordelt på tema</b>	<b>7</b>	<b>22</b>	<b>31</b>

*Motsegner fordelt på plantema 4. kvartal 2013*

<b>Tema for motsegn</b>	<b>Kommuneplan</b>	<b>Reguleringsplan</b>	<b>Kp + Rp</b>
Natur/miljø/landskap	2	2	4
Strandsone/friluftsliv	1	2	3
Landbruk/jordvern	1	2	3
Barn-unge		5	5
Beredskap/samfunnstryggleik/ROS-analyse	1	2	3
Støy/forureining		1	1
RPB/kjøpesenter	1		1
RPR/areal-transport			
Planfagleg/anna			
<b>Samla tal motsegner fordelt på tema</b>	<b>6</b>	<b>14</b>	<b>20</b>

### Motsegner samla fordelt på plantema 2013 (01.01 – 31.12.2013)

Tema for motsegn	Kommuneplan	Reguleringsplan	Kp + Rp
Natur/miljø/landskap	4	15	19
Strandsone/friluftsliv	4	10	14
Landbruk/jordvern	4	5	9
Barn-unge	1	20	21
Beredskap/samfunnstryggleik/ROS-analyse	2	12	14
Støy/forureining	0	7	7
RPB/kjøpesenter	2	8	10
RPR/areal-transport	0	0	0
Planfagleg/anna	0	4	4
<b>Samla tal motsegner fordelt på tema</b>	<b>17</b>	<b>81</b>	<b>98</b>

I tabellen er det skilt mellom *kommuneplan* og *reguleringsplan*. Kommuneplansakene omfatter ofte motsegn knytt til ulike plantema, men gjerne også fleire motsegnspunkt knytt til same tema. T.d. vil det kunne reistas motsegn på grunn av jordvern knytt til fleire delområde i planen. Dette blir ikkje fanga opp av statistikken.

Samla sett er det kategorien *barn og unge* som oftast gir grunnlag for motsegn. Det er også mange motsegner knytt til *natur/miljø/landskap* og til *strandsone/friluftsliv*. Desse to kategoriane er ofte nær knytt til kvarandre. Høgt tal på saker knytt til strandsona har ofte samanheng med forventningar om at det skulle bli enklare å få bygge i 100 meters-beltet langs sjøen etter at det vart innført *Statlege planretningslinjer for strandsona* (SPR) frå 01.07.2011. Som ei vidare oppfølging og konkretisering i samband med dette har Fylkesmannen i Møre og Romsdal etter mal frå Fylkesmannen i Hordaland utarbeidd eit sett med utkast til råd om naust i kommuneplan og reguleringsplan.

Motsegnssaker knytt til kjøpesenteretablering er ikkje så mange i talet, men er likevel ofte både svært komplekse og konfliktfylte. Fylkeskommunen har starta arbeidet med utarbeiding av ny regional delplan for senterstruktur. Saman med rikspolitiske bestemmelsar (RPB) for kjøpesenter og rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samordna areal- og transportplanleggingvil gir dette viktige rammer og føringar for behandling av senterstruktur kjøpesentersaker.

Motsegner til fagområda *Støy/forureining* og *Beredskap/samfunnstryggleik/ROS* er oftast av meir "teknisk" karakter, og er gjerne knytt til manglande utgreiing/kartlegging i forhold til regelverket.

Motsegn knytt til tema *Barn og unge* omfattar særleg saker på reguleringsplannivå, medan motsegn knytt til *Landbruk/jordvern* i første rekke omfattar kommuneplanens arealdel.

## Motsegn Kommuneplan (K) + Reguleringsplan (R); kommuneoversikt

	Kv. 1 01.01 – 31.03	Kv. 2 01.04 – 30.06	Kv. 3 01.07 – 30.09	Kv. 4 01.10 – 31.12	2013 01.01 – 31.12
Aukra	1R	3R			4R
Aure	1R				1R
Averøy					0
Eide	1R	1R			2R
Fræna	2R		1K		1K + 2R
Giske			1R	2R	3R
Gjemnes					0
Halsa	1K	1K		1R	2K + 1R
Haram	1R	2R	2R	1R	6R
Hareid					0
Herøy		1R			1R
Kristiansund					0
Midsund					0
Molde	1R	5R	2R	1R	9R
Neset		1R	1R		2R
Norddal			1R		1R
Rauma	1K	1K			2K
Rindal		1R			1R
Sande			1K		1K
Sandøy				1K + 1R	1K + 1R
Skodje					0
Smøla					0
Stordal		1R			1R
Stranda			1R		1R
Sula	2R		1R		3R
Sunndal					0
Surnadal			3R	1R	4R
Sykkylven				1K	1K
Tingvoll			1R	1R	2R
Ulstein		1R			1R
Vanylven					0
Vestnes					0
Volda					0
Ørskog		1R			1R
Ørsta					0
Ålesund	1		3R	1R	5R
T.s. alle kom.	2K + 12R = 14	2K + 1Rr = 19	2K + 18R = 20	2K + 7R	8K + 56R

Tabell: Motsegn saker FMRR fordelt på Kommune(del)- og Reguleringsplanar; kommuneoversikt

## Mekling

Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunane endrar planen, det vert gjennomført mekling eller at planen går direkte til avgjerd i Miljøverndepartementet.

Fylkesmannen er meklingsinstans. Det har vore gjennomført 8 ordinære meklingar i løpet av 2013. Spørsmål knytt til natur-/miljøvern har vore tema i 5 av dei 8 meklingane. FMMR har sjølv vore part i 6 av meklingssakene.

Sak	Kommune	Plantype/planområde	Motsegnspart	Tema til mekling
10/2060	Ørsta	RP Hovden næringsområde	FMMR	Landbruk
10/6372	Ulstein	KP arealdel	FMMR	Natur og miljøvern
10/131	Haram	RP Nordøyvegen Fjørtofta	FMMR	Natur og miljøvern; Landbruk
10/8499	Sykkylven	KP arealdel	SSV FMMR	Trafikktrygging Natur og miljøvern; Landbruk
10/5125	Haram	RP Håvika skytebane	FMMR	Natur og miljøvern
10/8422	Aure	RP Romundset hyttefelt	MRfk	Kulturminne
10/8293	Rindal	KP arealdel	Reindriftsforvaltn	Reindrift
10/8293	Rauma	RP Måsvatnet hyttefelt	FMMR og MRfk	Natur og miljøvern

### Tabell: Saker til mekling FMMR 2013

I tillegg til dei gjennomførte meklingane (jf. tabellen over) har Fylkesmannen mottatt to førespurnader om mekling. Dette gjeld

- Vanylven kommune; kommuneplanens arealdel (sak 11/6493)
- Sandøy kommune; reguleringsplan for hamneområde på Sandøya (sak 12/5774)

FMMR er part i saka med Vanylven kommune. Etter nærare avklaring og avtale med partane vil desse meklingane etter planen bli gjennomført i løpet av første kvartal 2014.

## Oversendingssaker til Miljøverndepartementet

Dersom ein plan går til mekling og ein ikkje kjem fram til ei løysing, vil saka gå til avgjerd i Miljøverndepartementet. Departementet sitt vedtak i saka kan ikkje påklagast.

Fylkesmannen har i 2012 og 2013 hatt fire plansaker som er oversendt for avgjerd i Miljøverndepartementet (MD). FMMR har vore part i to av desse. For 2011 var det ingen slike oversendingssaker frå FMMR til MD. For 2010 var det to oversendingssaker, og med FMMR som part i ei av desse. I 2011 var det ingen slike oversendingssaker, medan det for 2010 var to oversendingssaker med FMMR som part i den eine (kjøpesenter Furene i Volda).

Sak	Kommune	Plantype /planområde	Motsegnspart	Tema til mekling	Oversendt MD	Møte/synfaring og deltakarar
10/4966	Skodje	Reg.plan Digernes	FMMR	RPB kjøpesenter	14.09.2012	20.11.2013 Skodje k, MD, MRfk og FMMR
11/6096	Averøy	Reg.plan Uran	Statens vegvesen	Trafikksikring	22.10.2012	16.11.2013 Averøy k, MD, SVV, Vegdir, FMMR
10/4266	Neset	K-plan	FMMR, Sunndal k.	Landbruk; Natur- og miljø, Fiskeoppdrett	07.11.2012	26.06.2013 Neset k, MD, Sunndal k, DN, LMD, SLF, KFD, FMMR
10/6724	Sande	Reg.plan Storehaugen	MRfk	Automatisk freda kulturminne	25.04.2013	25.06.2013 Sande k, MD, MRfk, RA, FMMR

**Tabell: Oversendingssaker til Miljøverndepartementet 2012 - 2013**

Oversendingssakene i 2012 og 2013 gjeld:

- Skodje kommune (sak 10/4966); reguleringsplan for Digernes næringsområde. FMMR har med referanse til RPB for kjøpesenter og Fylkesdelplan for senterstruktur reist motsegn til etablering av detaljvarehandel ut over 3000kvm.
- Averøy kommune (sak 11/6096); reguleringsplan for Uran. Statens vegvesen har reist motsegn til område for bustadbygging av omsyn til manglande trafikksikkerhet
- Neset kommune (sak 10/4266); kommuneplanens arealdel. Det er reist motsegn til deler av planen frå Fylkesmannen, fylkeskommunen, Statens vegvesen og Sunndal kommune. Dette omfattar følgjande delområde i planen:
  - Eikesdal alpin, areal for alpinanlegg
  - E 9 — ervervsområde Aurstupet, areal for turisme/reiseliv
  - sykkelsti Torbuhalsen — Lesja grense
  - BI 3.1 — bustadareal ved Langset/Eidsvågleira
  - område for oppdrettsanlegg i Fressvika

- Sande kommune (sak 10/6724); reguleringsplan for Storehaugen bustadområde.. Møre og Romsdal fylkeskommune har reist motsegn til deler av planen for spørsmål knytt til sikring av automatisk freda kulturminne. Det har ikkje vore gjennomført mekling i saka.

I dei to første sakene (Skodje og Averøy) er det fatta endeleg vedtak i Miljøverndepartementet. I begge har MD fatta avgjerd i tråd med tilrådinga frå FMNR. Møte og synfaring i dei to andre (Neset og Sande) vart gjennomført i juni 2013. Desse sakene er for tida til behandling i Miljøverndepartementet og er forventa avgjort i løpet av første halvår 2014.

## Dispensasjonar og klager

### *Kommunale dispensasjonssaker*

FMMR har i 2013 behandla 555 dispensasjonssaker, fordelt på 459 saker knytt til dispensasjon frå kommuneplan og 96 saker knytt til dispensasjon frå reguleringsplan.

	<b>Kv. 1</b> <b>01.01–31.03</b>	<b>Kv. 2</b> <b>01.04–30.06</b>	<b>Kv. 3</b> <b>01.07–30.09</b>	<b>Kv. 4</b> <b>01.10–31.12</b>	<b>2013</b> <b>01.01–31.12</b>
<b>Disp.</b> <b>Kommuneplan</b>	107	126	104	122	<b>459</b>
<b>Disp.</b> <b>Reguleringsplan</b>	21	22	37	16	<b>96</b>
<b>Dispensasjonar</b> <b>t.s.</b>	<b>128</b>	<b>148</b>	<b>141</b>	<b>138</b>	<b>555</b>
<b>Klager</b>	1	1	0	1	<b>3</b>

**Tabell: Dispensasjonar og klagesaker 2013**

### *Store variasjonar kommunane i mellom*

Oversikt over dispensasjonssøknader kommunevis, viser at det er store skilnader kommunane i mellom. I fleire kommunar ligg talet på dispensasjonssøknader svært høgt målt i forhold til storleik/folketal. Både kommunane og Fylkesmannen har felles interesse av at det blir færre dispensasjonar etter plan- og bygningslova. Frå Fylkesmannen si side blir det m.a. peika på at oppdaterte og gode planar vil gi politikarane og kommunane gode og tydelege styringsverktøy. Gjennom dette vil behovet for dispensasjonar kunne reduserast.

Dei fleste dispensasjonssøknadene omfattar saksområde knytt til strandsoneforvaltning, jf. pbl §1-8 *Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*. Fleire av desse sakene gjeld søknad om dispensasjon frå plan knytt til oppføring av naust og flytebrygge. Også saksområde knytt til landbruk/jordvern-interesser er godt representert. Fleire av desse sakene gjeld dispensasjonssøknader knytt til om frådelling av bustad- eller hyttetomt i LNF-område.

### *Klager fremma av Fylkesmannen på kommunale dispensasjonsvedtak.*

Fylkesmannen kan gripe inn i kommunal arealforvaltning ved å klage på vedtak i kommunale dispensasjonssaker. FMMR har i 2013 fremma 3 klager på kommunale dispensasjonsvedtak. Dette er vesentleg lavare enn i forhold til fjoråret då det vart registrert 21 klagesaker, men også i forhold til 2012 (18 saker) og 2011 (18 saker).



Kommunestatistikk plansaker 2013

Dispensasjon frå Kommuneplan (K) og Reguleringsplan (R); kommuneoversikt

	1.kvartal 2013 01.01 – 31.03	2.kvartal 2013 01.04 – 30.06	3. kvartal 01.07. – 30.09	4. kvartal 01.10. – 31.12	2013 01.01 – 31.12
Aukra	0K +0R	1K + 0R	2K+0R	0K + 0R	3K + 0R
Aure	7K + 0R	9K + 2R	3K+1R	15K+ 0R	31K + 3R
Averøy	3K + 0R	1K + 0R	5K+1R	7K + 3R	16K + 4R
Eide	1K + 1R	6K + 1R	3K+1R	2K+ 0R	12K + 3R
Fræna	7K + 2R	9K + 1R	3K+0R	4K+ 0R	23K + 3R
Giske	5K + 2R	1K + 0R	2K+1R	5K + 3R	13K +6R
Gjemnes	5K + 1R	5K + 0R	5K+1R	9K+ 0R	24K + 2R
Halsa	3K + 0R	0K + 1R	4K+0R	3K+ 0R	10K + 1R
Haram	3K + 0R	0K + 0R	1K+2R	6K + 1R	10K + 3R
Hareid	0K + 0R	2K + 1R	1K+2R	4K+ 0R	7K + 3R
Herøy	15K + 1R	16K + 0R	14K+1R	9K + 2R	54K + 5R
Kristiansund	3K + 1R	1K + 1R	2K+1R	0K+ 0R	6K + 3R
Midsund	2K + 0R	0K + 0R	6K+0R	0K+ 0R	8K + 0R
Molde	8K + 3R	6K + 0R	3K+2R	0K + 1R	17K +6R
Neset	0K + 1R	1K + 0R	1K+0R	0K+ 0R	2K + 1R
Norddal	0K + 1R	0K + 0R	0K+1R	1K+ 0R	1K +2R
Rauma	4K + 0R	10K + 1R	6K+2R	8K+ 0R	28K + 3R
Rindal	1K + 1R	2K + 0R	1K+1R	2K+ 0R	6K + 2R
Sande	1K + 0R	2K + 0R	2K+1R	2K+ 0R	7K + 1R
Sandøy	2K + 1R	2K + 2R	1K+2R	0K + 1R	5K + 6R
Skodje	4R + 0R	5K + 1R	8K+0R	6K+ 0R	23K + 1R
Smøla	2K + 1R	4K + 3R	6K+2R	7K + 1R	29K + 7R
Stordal	1K + 0R	0K + 0R	0K+0R	0K + 1R	1K + 1R
Stranda	0K + 2R	4K + 2R	1K+5R	3K + 1R	8K +10R
Sula	1K + 2R	2K + 1R	1K+2R	7K+ 0R	11K + 5R
Sunndal	0K + 0R	0K + 0R	0K+0R	0K+ 0R	0K + 0R
Surnadal	4K + 0R	4K + 0R	1K+0R	1K+ 0R	10K + 0R
Sykkylven	0K + 0R	4K + 1R	6K+0R	2K+ 0R	12+ 1R
Tingvoll	1K + 0R	2K + 0R	3K+0R	3K+ 0R	9K + 0R
Ulstein	2K + 1R	2K + 0R	3K+2R	0K+ 0R	7K + 3R
Vanylven	3K + 0R	2K + 0R	1K+0R	0K+ 0R	6K + 0R
Vestnes	4K + 0R	5K + 1R	0K+1R	0K + 1R	9K + 3R
Volda	4K + 0R	4K + 1R	1K+5R	1K+ 0R	10K + 6R
Ørskog	5K + 0R	4K + 0R	3K+0R	4K+ 0R	7K + 0R
Ørsta	7K + 1R	5K + 2R	3K+1R	8K+ 0R	23K +4R
Ålesund	2K + 0R	7K + 0R	3K+0R	3K + 1R	15K + 1R
T.s. alle kom.	107K + 21R = 128	126K + 22R =148	104K + 37R =141	122K + 16R =138	459K + 96R =555

Tabell: Dispensasjonssaker 2013; kommuneoversikt

Kommunestatistikk plansaker

**Klage på kommunale dispensasjonsvedtak; kommuneoversikt**

	<b>Kv. 1 01.01 – 31.03</b>	<b>Kv. 2 01.04 – 30.06</b>	<b>Kv. 3 01.07 – 30.09</b>	<b>Kv. 4 01.10 – 31.12</b>	<b>2013 01.01 – 31.12</b>
Aukra					
Aure					
Averøy					
Eide		1K			1K
Fræna					
Giske					
Gjemnes					
Halsa					
Haram					
Hareid					
Herøy					
Kristiansund					
Midsund					
Molde					
Neset					
Norddal					
Rauma					
Rindal					
Sande					
Sandøy					
Skodje					
Smøla					
Stordal					
Stranda					
Sula					
Sunndal					
Surnadal					
Sykkylven					
Tingvoll					
Ulstein					
Vanylven					
Vestnes					
Volda					
Ørskog	1K				1K
Ørsta					
Ålesund				1K	1K
<b>T.s. alle kom.</b>	<b>1K</b>	<b>1K</b>		<b>1K</b>	<b>3K</b>

Tabell: Klager på kommunale disp.vedtak 2013 ; kommuneoversikt

## Oppsummering

Statistikken over plansaker til behandling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal for 2013 viser at talet på saker er om lag på nivå med tala for føregående år. Sakene varierer både i type, innhald og omfang – på same måte som planaktiviteten kommunane i mellom varierer. Det vil såleis vere behov for å gå nærare inn i statistikken for å finne forklaringar på observasjonar og utviklingstrekk.

Som påpeika i årsrapporten for 2012 er aktiviteten generelt sett på plansaksområdet både omfattande og krevjande. Innføring av ny plan- og bygningslov stiller nye og utvida krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. For kommunane representerer *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* og *Kommunal planstrategi* nye oppgåver og utfordringar. Med større vekt på kommuneplanens samfunnsdel som eit overordna strategisk styringsdokument, vil dette legge føringar for både arealplanlegginga og verksemdsplanlegginga i kommunane. Søkelyset på ei meir integrert og samordna kommuneplanlegging vil elles naturleg ta utgangspunkt i tverrfaglege tema som *berekraftig utvikling, klima, barn og unge, universell utforming* og *folkehelse*. I samband med dette vil Fylkesmannen saman med fylkeskommunen spele ei meir aktiv rolle i forhold til kommunane sitt behov for rettleiing og oppdatert plankompetanse.

Vi ser også at mange av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar.. Mange av sakene er svært omfattande. Dette gjeld i første rekke mange av kommuneplansakene, men gjer seg også gjeldande i samband med fleire av dei interkommunale og regionale plansakene. M.a. ser vi her at saker knytt til store vegprosjekt stiller krav om omfattande faglege vurderingar knytt til større geografiske område, gjerne på tvers av kommunegrenser. Strandsoneforvaltning og kjøpesenteretablering er eksempel på tema/problemområde som utfordrar ulike interessegrupper som gjerne skaper stort lokalt engasjement.

Vi ser elles at Fylkesmannen i sine høyringsmerknader i særleg grad har utfordra kommunane i forhold til å ta særslid omsyn til barn og unge sine interesser. Dette omfattar m.a. krav til gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tilrettelegging og opparbeiding av leikeplassar, friareal og gang- og sykkelveggar. Meir konkret kjem fokus på barn og unge sine interesser til uttrykk også gjennom at dette er det tema/saksområde det oftast blir reist motsegn til i kommunale arealplanar.

I embetsoppdraget for 2013 peikar Miljøverndepartementet m.a. særskilt på Fylkesmannen si rolle knytt til aktiv oppfølging og deltaking i regionale og kommunale planprosessar. Fylkesmannen skal legge særleg vekt på å formidle nasjonale føringar og interesser slik desse m.a. kjem til uttrykk gjennom nasjonale forventningar, stortingsmeldingar, statlege planretningslinjer/rikspolitiske retningslinjer og bestemmelsar. Fylkesmannen si samordningsrolle i forhold til statlege regionale myndigheter blir framheva, likeeins behovet for å prioritere deltaking i regionalt og kommunalt planarbeid frå ei tidleg fase, og varsle om eventuelle konflikter så snart som muleg. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen vil i samband med dette også vere å sikre kommunane ansvar og tilstrekkeleg lokalt handlingsrom innanfor dei rammer og retningslinjer som er gitt frå nasjonalt og regionalt nivå.